



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7527 - 21/75432

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
11.11.2021

## Søknad om deling til utfale - gbnr 497/3 Instebo

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr 497/3,4  
Tiltakshavar: Jostein Gunnar Instebo, Maria Seilfaldet Pletten

Saka gjeld søknad om frådelling av tunet og naustetomt tilhøyrande gbnr 497/3,4.

Gbnr 497/3,4 er registrert med eit areal på 273,5 da i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt med to teigar på tilsaman omlag 7 da.


Søknaden er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Det er lagt fram erklæringar om rett til vass- og avløpsleidningar samt rett til parkering for den omsøkte grunneigedomen. Eigedomen er kopla til offentleg vatn. Det er søkt om løyve til tilkopling til offentleg avlaupsanlegg. Vestand fylkeskommune har godkjent utvida bruk av avkøyring frå fylkesveg 565.

Teigen rundt tunet er klassifisert som bebygd, fulldyrka og overflatedyrka i NIBIO sitt markslagskart. Teigen som vert søkt frådelt som naustetomt er oppgjeve til å vera omlag 3 da og er registrert som innmarksbeite og skog.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Radøy. Teigen rundt tunet er sett av til LNF spreidd bustad, noverande.



Figur 1 Utsnitt av kommunedelplan


### Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsamast etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.


### VURDERING

#### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for frådelling av tun og naustetomt i LNF området.



Figur 2 frå situasjonskart 1



Figur 3 frå situasjonskart 3



Figur 4 frå situasjonskart 2



Figur 5 Ortofoto 2020-Tunet

Søkjar oppgjer at jorda har vore nytta som tilleggsjord for ulike nabobruk sidan 1974.

Søkjar sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon er i hovudsak at det er trong for vedlikehald og utbetring av vegar og drenering av jorda. Kostnadane vert for store til at leigetakar vil ta dei på seg. Det er heller ikkje aktuelt for eigar som leiger vekk jorda å ta på seg kostnadane.

Det vert opplyst i dispensasjonssøknaden huset har vore nytta som ferie/ fritidsbustad. No ønskjer søkjar å overføra tunet med naustetomt til dottera som skal nytta eigedomen til fritidsbustad.

Det er skrive salskontrakt på jorda med atterhald om at omsøkte frådeling vert godkjent. Søknaden er soleis ledd i ei frivillig bruksrasjonalisering.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad motteken 01.11.2021.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilleggsoplysningar - deling gbnr 497/3,4 Instebo  
situasjonsplan\_avkjørsle.pdf.pdf

Svar - søknad om endra bruk av avkjørsle - gbnr 497/3 Instebo - fv 565 Slettevegen

Situasjonskart

Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 497/3 og 497/4 Instebo

**Kopi til:**

Jostein Gunnar Instebo, Maria Seilfaldet Pletten	Bjørndalsbakken 8	5171	LODDEFJORD
Maria Seilfaldet Pletten	Slettevegen 675	5939	SLETTA

**Mottakarar:**

Kultur			
Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN